



Hovlandshagen Utvikling AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Endra løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø for å etablere Bømlo fiskerihamn, for Hovlandshagen Utvikling AS

Vi viser til e-postar frå Karmsund havn på vegne av Hovlandshagen Utvikling AS, siste datert 29. oktober 2025.

Vedtak

Statsforvaltaren endrar løyve etter forureiningslova til midlertidig anleggsarbeid knytt til etablering av Bømlo fiskerihamn. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11, jf. §16. Endringa er heimla i lovas § 18.

Statsforvaltaren har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket vil føre til. Ved fastsetjing av vilkår har Statsforvaltaren lagt til grunn kva som er mogeleg å oppnå med bruk av beste tilgjengeleg teknikkar og vår vurdering av fare for forureining.

Utsleppsløyvet med tilhøyrande vilkår er vedlagt. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren tar sakshandsamingsgebyr for arbeid med utsleppsløyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Verksemda skal betale 22 900 kroner i gebyr for løyvet, jf. forureiningsforskrifta § 39-4, sats 7. Gebyrsatsen er valt på bakgrunn av ressursbruken Statsforvaltaren har hatt i samband med sakshandsaminga av løyvet. Faktura vert send frå Miljødirektoratet.

Søknad om endring av løyve

Vi gav løyve til denne utfyllinga 24. februar 2020. Løyve var gjeve til Eidesvik Invest AS og omfatta utfylling av inntil 51 000 m³ lokale sprengsteinmassar. Vilkår for utføringa var utfylling bak siltgardin, oppreinsking av plast frå tennsystema og avtale med eigar av eigar av oppdrettslokalitet 16497 Langevågen som har ventemerder med laks nær tiltaksområdet. Det er fylt ut ca. 15 000 m³ anbrakte massar i fyllinga og no skal prosjektet starte opp att.



Endringa består i

- Hovlandshagen Utvikling AS overtar som ansvarleg for løyvet
- Mengda sprengstein aukar til 65 000 m³
- Massane kjem frå planering av industriområdet¹ ca. 500 meter mot sør
- Massane er dagsprengt fjell der det vert nytta non-el tennsystem
- Arbeidet med sjøfyllingen vil starte ca. 01. desember 2025 og pågå ut året 2026



Figur 1 Utfyllingsarealet er vist med blå farge

Karmøy havn svarar i søknad om endring på spørsmål frå Statsforvaltar om korleis dei viktigaste vilkåra i løyvet skal stettast, Karmøy havn sine svar skriven med blått

Vilkår 4.1 **Avklaring med akvakulturanlegg Langevåg:** Tiltakshaver kontakter eier av anlegget for å inngå avtale før tiltaket iverksettes.

Vilkår 4.2 **Kontroll av massar for utfylling og utfylling:** Det utarbeides prosedyre og sjekklister for kontroll av masser til fylling i sjø, stopp ved forurensede masser. Det er ikke registrert skifer/fyllitt i området til nå, men dette overvåkes kontinuerlig og er ett punkt i sjekklister for masser til utfylling.

Vilkår 4.3 **Avbøtade tiltak for å hindre spreiding av finstoff:** Det utarbeides prosedyre og sjekklister for kontroll av finstoff i sjø, turbiditetsmåler eller andre tiltak, vurderes ved behov.

Vilkår 6.1 **Kontroll av massar for utfylling og utfylling:** Det utarbeides prosedyre og sjekklister for kontroll av masser til fylling i sjø, stopp ved forurensede masser og/eller blakking utover grenseverdier i sjø.

¹ Reguleringsplan for Bømlo fiskerihamn, Hovlandshagen, gnr. 53 bnr. 53 m. fl. PlanID 201307



Saksgang

Statsforvaltaren vurderer endringa av løyvet for å vere av mindre miljømessig betydning, og saka er difor ikkje førehandsvarsla, jf. forureiningsforskrifta 36-9 andre ledd bokstav b.

Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Rettsleg grunnlag

Heimel til å endre løyve er gjeve i forureiningslovas § 18.

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forurensningsforskriftens § 36-2, som setter krav til innhald i søknader om tillatelse etter forurensningsloven.

Statsforvaltaren meiner å ha tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak i saka.

Vi vurderer at faren for forureining og risikoen for negativ påverknad er akseptabel med dei endringane som er omsøkte. Det er ikkje vesentlege endringar samanlikna med tiltaket vi vurderte då vi gav løyvet. Det er viktig at tiltakshavar kontakter Hardanger Seafood AS og inngår ein avtale for samdrift. Dersom avtalen krev avgrensing i tid for utfylling i sjø, eller overvaking av til dømes turbiditet nær akvakulturanlegget, må dette tas med i kontroll og overvåkingsplanen. Vi krev tilsendt ein oppdatert kontroll og overvåkingsplan før oppstart, jf. løyvets vilkår 6.1.

Statsforvaltaren si vurdering av tiltaket etter naturmangfaldlova og vassforskrifta, slik den går fram av vårt vedtak datert 20. februar 2020, står ved lag og krev ikkje ny vurdering som følgje av denne endringa.

Statsforvaltaren sitt vedtak går fram av første side. Vilkhåra følgjer som vedlegg.

Endring og omgjeriing

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkhåra.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkhåra i løyvet og setje nye vilkhåra, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.



Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Klagerett

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngitt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Ingrid Leirvik Olsen
rådgjevar

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi til:

Bømlo kommune
Hardanger Seafood AS
Karmsund havn

Leirdalen 1

5430

BREMNES



Endra løyve til utfylling i sjø ved Bømlo fiskerihamn Hovlandshagen for Hovlandshagen Utvikling AS

Med heimel i forureningslova § 18, jf. § 16 har Statsforvaltaren endra løyve til utfylling i sjø i samband med bygging av Bømlo fiskerihamn. Løyvet var opprinneleg gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad om utsleppsløyve frå Multiconsult datert 16. desember 2019. Endringa blei gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad datert 29. oktober 2025 og opplysningar som ellers har kome fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom verksemda ønskjer å gjere endringar i driftsforhold som kan ha tyding for forureininga frå verksemda, og som ikkje er i samsvar med det som blei lagt til grunn då løyvet blei gjeve eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først ta kontakt med forureiningsstyresmaktene for å avklare behovet for ei slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år etter at løyvet har trådd i kraft, skal verksemda sende ei fråsegn om omfanget av verksemda slik at forureiningsstyresmaktene kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Bedriftsdata

Tiltakshaver	Hovlandshagen Utvikling AS
Sted/gateadresse	c/o Karmsund Havn, Garpeskjærvegen 2
Postadresse	5527 Haugesund
Org. nummer	934 287 916, tilhøyrer 933 995 151

Statsforvaltaren sine referanser

Løyvenummer	Anleggsnummer	Elementsnummer
2020.0161.T	4613.0122.01	2019/23295

Tillatelsen gitt første gang: 24. februar 2020	Endrings nummer: 1	Tillatelse sist endret: 30. oktober 2025
Ingrid Leirvik Olsen rådgjevar	Magne Nesse senioringeniør	

Dokumentet er godkjent elektronisk

**Endringslogg**

Endringsnummer	Endringsdato	Vilkår	Endringer
1		1.1	Auka volum utfylling og endra namn ansvarleg verksemd



1. Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet gjeld utfylling i sjø av inntil 65 000 m³ massar på Langevåg i Bømlø. Formålet med tiltaket er å fortsette utfylling i sjø for å etablere område for næringsformål i samsvar med reguleringsplan for fiskerihamn Hovlandshagen 53/53 m.fl. PlanID: 201307.

2. Generelle vilkår

2.1 Grunnlag for løyvet

Statsforvalteren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 16. desember 2019 og oppdatert søknad 29. oktober 2025 med mindre anna er avtalt med Statsforvalteren. Statsforvalteren skal varslast når arbeidet vert sett i gong.

2.2 Ansvar

Hovlandshagen Utvikling AS er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert haldne, og pliktar å sørge for at dei som skal gjennomføre tiltaka er kjent med dei vilkår som gjeld.

2.3 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.4 Endring av løyve

Statsforvalteren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, setje nye vilkår, og om nødvendig trekke løyvet tilbake, dersom vilkår gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvalteren har på same grunnlag rett til, på eitkvart tidspunkt, å stoppe tiltaket.

2.5 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.6 Saksbehandling etter anna lovverk

Dette løyvet fritenk ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, for eksempel hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3. Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid transporterer og dumper eller på anna måte



handterer massar, har internkontrollsystem i tråd med vilkår 3.1.

3.2 Beredskapsplan

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar, i flg. planen, kan oppstå.

3.2 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining (nødnummer 110).

Verksemda skal også, så snart som mogeleg, varsle Statsforvalteren i slike tilfelle på sfvlpost@Statsforvalteren.no

4. Utfylling i sjø

4.1 Avklaring med akvakulturanlegg Langevågen

Utfylling i sjø kan påverke akvakulturanlegget Langevågen (lokalitetsnummer 16497) eigd av Hardanger Seafood AS. Tiltakshavar må kontakte eigar av anlegget og inngå ein avtale for samdrift. Dersom avtalen krev avgrensing i tid for utfylling i sjø, eller overvaking av til dømes turbiditet nær akvakulturanlegget, må dette tas med i kontroll og overvåkingsplanen, jf. vilkår 5.1.

4.2 Kontroll av massar for utfylling og utfylling

Det skal nyttast mest mogeleg reine steinmassar til utfylling/utfylling. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Det skal lagast ei rutine for å reinske opp eventuelle forureiningar som kan følgje med steinmassane (skytestreng av plast mm).

Utfylling av utsprengt stein skal utførast så skånsamt som mogeleg for å redusere partikkelspreiing. Tiltaka skal gjennomførast innafor det arealet som godkjend i reguleringsplan og andre løyver etter plan- og bygningslova.

4.3 Avbøtande tiltak for å hindre spreining av finstoff

Det skal primært nyttast siltgardin rundt utfyllingsområdet. Siltgardina skal minimum dekke heile vassøyla og ha feste i botn. Det skal førast jamleg kontroll med at siltgardina fungerer etter hensikta, bl.a. vedlikehald av flyteelement slik at nødvendig fribord vert oppretthalde. Om det oppstår sterk blakking og spreining av partiklar utanfor siltgardina skal arbeidet stansast inntil årsaka til blakking er ordna.

Dersom straum og vindtilhøve gjer det vanskeleg å nytte siltgardin kan siltgardin erstattast med boblegardin eller anna tiltak som held tilbake finstoff/partiklar, eller tiltak for overvåking av turbiditet med alarmgrenser for stans i arbeida. Plan for alternative tiltak skal sendast Statsforvalteren, dersom dette vert aktuelt.

Dersom det oppstår unormale forhold som har eller kan få forureiningsmessige konsekvensar, skal tiltakshavar straks melde frå til Statsforvalteren.



5. Avfall

Verksemda plikter, så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følgje av tiltaket. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg.

Verksemda plikter å sørge for at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande regler for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

Siltgardiner skal etter bruk leverast til godkjent mottak.

6. Plan for overvaking og kontroll, sluttrapport og tilsyn

6.1 Plan for overvaking og kontroll

Det skal utførast kontroll og overvaking av tiltaka i sjø etter ein kontroll- og overvåkingsplan. Denne skal lagast i tråd med anbefalingar gjeve i *Rettleiar for handtering av sedimenter* M-350/2015, og stette løyvets vilkår.

Overvakinga skal være tilstrekkeleg til å avdekke eventuell spreining av forureining i samband med gjennomføring av tiltaka. Planen skal sendast Statsforvalteren før tiltaket startar opp.

6.2 Sluttrapport

Hovlandshagen Utvikling AS skal sende rapport til Statsforvalteren innan åtte veker etter at tiltaket er gjennomført. Rapporten skal innehalde:

- Opplysningar om kor store mengder masse som har blitt fylt ut (i m³ eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigierende tiltak som vart sett i verk
- Dokumentasjon på levering av avfall

6.3 Tilsyn

Tiltakseigar plikter å la representantar frå Statsforvalteren føre tilsyn med anlegget når som helst.
